



Hoppbakkar før Rughagen

Av Elsa Aanonsen og Jan Kløvstad

Før hoppbakken i Rughagen stod ferdig i 1972 var det mange bakkar i Myra og Austre Moland. Vi har forsøkt å finne fram til dei bakkane det var hopprenn med premiar i. Det var mange fleire bakkar, ofte fleire på kvar gard og mykje i bruk heilt til noen hoppa så langt at det ikkje var mogleg å sette nye bakkererekordar.

Olav H. Tveiten fortel at det var "hoppbakkar overalt" i Myra. Han nærmar seg 80, og i hans barndom og ungdom var det f.eks ein bakke på Spirene, der måtte dei rundt ei stor furu øverst i overrennet. Ved dagens Tveitenløype til Granestua var det ein 15-20 meters bakke. I 1957 var det skjoldkamp i ski der, mellom skolane i Austre Moland og Myra. Også Bråstad skole var med.

Det var bakke på Myra (garden). Den hadde til og med snekra stillas, og lå i skyggesida, slik at den kunne brukast fram mot 17. mai i gode år.

Verdensmesterskap på skji

Dybmyrbakken lå på Gunhildsbu, mellom Harebakken og Myra, på sørvestsida av jordet på vegen innover. Den var ganske stor, og der kunne dei beste hoppe 20-25 meter. Det var fleire renn der. Torleif Ottersland blei hyra inn som dommar i eit renn i 1960, så alle dei rundt 20 hopparane skulle få rettferdig dømming. Ei tid var nordsida av jordet, under linja, eit av alternativa til å bygge ein større bakke. Men valet fall ned på Nygård og det som blei Nygårdsbakken. Dybmyrbakken er omtalt i protokollane frå det gamle ungdomslaget i Myra, der det finst eit referat fra "Verdensmesterskap i Dybmyrbakken".

«Martin from Norway ble verdensmester.

Det store verdensmesterkunstrennet på skji i Dybmyrhollsbakken er avvikla for fem minutter siden. Verdensmester vart Martin from Norway – reint mesterleg. Kvart land som var representert hadde sendt den beste skikunstnar dei åtte. Fyrste kunstnar som satte utfor bakken var Terje frå Våland. Han gjorde fem heilumvendingar fyre han kom på hoppet, og ti kvartumvendingar i nitti graders vinkel før han for utfor. Han gjorde ein bane i lufta på 150 sirkelmeter, og slo ner med enden i bakken. Han kom til seg sjøl fem minutter etterpå. Stor fagning.

Den neste som satte utføre var Inga frå Sørli. Før ho kom til hoppet blunka ho med augo 300 gongar, og deklamerte to vers av "Terje Vigen". Då ho sette utfor hoppet såg ein berre ein haug av skjørter, ski og armar. Og så høyrdie ein nokon skrik "Berg meg, Berg meg!" Ho slo ned i bakken tri streker bakum tvers, og bana ho hadde gjort i lufta var tri hvervelmeter lang. Ho kom til seg sjølv ti minutter etterpå. Sørland (Inga blei seinare gift med nemnte Terje frå Våland. Red. anm.).

Så kom det ein heil del slag i slag som ikkje hadde begreper om kunstnerisk utføring, og som gjorde stor skam på dei land dei representerte.

Det var Alfred frå Longumland, Ellen frå Froland, Kristian frå Feleland, Tellef frå Måneland, Holm frå Moland, Kari frå Hageland, Kristen frå Ugland, og Nils frå Myrland. Den siste som sette utføre bakken var Martin from Norway. Fyre han kom til hoppet sveitta han is, medan augo

Gunnar Ottersland med Sigmund Ruud-ski, laga ca 1947. Det er laminerte treski med tre renner og dei er nummererte. På desse skia vann Gunnar Ottersland også eit Sørlandsmeisterskap med mange deltakrar.
Foto Gerald Ottersland, 2019

sto som eldkular. Så gjorde han seksten heilomvendingar, og åtte kvartomvendingar. Då han kom til hoppet rann han med eit skji på kvar side, sto i sjølve hoppet, og skvatt so ende til vers, og gjekk rundt i lufta som eit hjul hundre gongar. Han kom ned med hovudet fyre, og utan skji. Han slo nasa skjev, og fekk ei mengd av kunstneriske broderingar i ansiktet. Hans bane i lufta var 500 syklonmeter, og han er ikkje komen til seg sjølv enno.

Domarene under rennet var Ovidia frå jenteland og Kristen frå guteland. Og som leder for oppmålingji med vinkel, sirkel, kvervel og syklonmeterapparatar var professorene Hagbart frå Bjelkeland og Knut frå Floddaland.

Det skal bemerkast at domarane var svært nøyne med at skikunstnarane hadde den rette moderne kunststil. Utførlig melding kjem seinare, når den trådlause kabel vert ihopspleisa.

Lørdagskveldens sportsutsending."

Men ikkje alle likte bakken i Dybmyr, og særleg ikkje Lars Bringsverd. Hopparane måtte gjennom eit steingjerde i tilløpet, og bomma dei der blei det mykke arbeid med å skøyte skia. Det var mange som brekte skia sine der, så Lars fekk meir enn nok å gjere med reparasjonane.

Uglebu

Ved Uglebu var det også bakke, i nedre del av slalombakken. Der blei det hoppa frå midten av 1950-talet til slalombakken blei lagt ned tidleg på 1960-talet.

Lars Bringsverd, som var aktiv i mange idrettar, arrangerte hopprenn i Uglebu, med premieutdeling. Mange av premiane var premiar han sjølv hadde vunne i andre konkurransar, og nå fekk fleire glede av dei. Han hadde ei heil kasse med pokalar frå ski, orientering og andre konkurransar. Lars var ivrig etter å få folk med i idrett. Tilløpet var i slalombakken, og unnarennet litt på sida. Og så var det lagt bjelker over ei dump for å få bakken fin. Det blei hoppa rundt 15 meter på det lengste, og heile bygda var med, både kvinner og menn, fortel Olav Bringsverd. Han var blant dei ivrigaste hopparane. Han hoppa på farens gamle ski, som

Lars hadde høvla til for å fornye dei litt. Først mot slutten av karriera han, da han hoppa 52 meter som 16-åring i Songebakken, gjekk han over til Splittein med plastsåle. – Vi var jo neri bånnen der, alle sammen, seier han, i alle fall dei som hadde hoppa litt. Nybegynnarane klarte seg med fem meter eller noe sånn. I seinare år har Olav vore med onkelen Trygve Bringsverd med den vesle samanleggbar plastbakken for å rekruttere dei minste til hoppsporten.

Sigrid Stormyr var ofte med (sjå foto av henne på forsida av Dei gav oss ein arv, 2015). - Ho var over 70 år gammal, og den einaste som hoppa i skjørt, fortel Olav Bringsverd. - Ho var sprek. Vi ungane rekna oss som toleg gode, men vi klarte ikkje følge ho. Ho klarte seg sjøl i det lille huset sitt, og hadde bratt veg heim. Men hjelp ville ho ikkje ha, sjølv ikkje med tunge propanbehalddarar. Utanom hoppinga hadde Sigrid ansvaret for buljongsal i skirennar der.

Stor skidag på Borås

I slutten av mars 1956 hoppa Olav Bringsverd lengst av gutane under 5 år, foran Hans Jakob Bjerkholt, Magne Blågestad og Audun Hofseth. Hennuing Kasperesen i klassen 8-10 år var beste hoppar. Far Lars fekk høgaste poengsummen i klassen over 18 år, foran Harald Thorbjørnsen og Arne Blågestad. Olaug Gundersen, Jenny Bringsverd og Gunhild Laudal var dei fremste, og kanskje også dei einaste i jenteklassen. Det var også langrenn, der 8 år gamle Jon Blågestad gjekk raskare enn alle i klassen for 14-16 år. Eldste deltakar i kvinneklassen i langrennet var 65 år gamle Sigrid Borås (Stormyr).

Stor skidag på Borås i Austre Moland søndag

8-årige Jon Blågestad er litt av et langrennsemme

Bendag hadde folket på Borås laget til litt av en skidag. Det var veldig deltagelse og både langrenn og hopprenn blei meget vellykket. 8-årige Jon Blågestad gjorde en flott innsats i langrennet. Han slo langt sidre konkurrenter. Henning Kaspersen var beste hopper.

Langrenn:

KL 14–16 år: 1) Jan Terjesen 4.01, 2) Harald Samuelsen 4.13, KL 12–14 år: 1) Helge Tveiten 3.44, 2) Jens Blågestad 3.58, KL 10–12 år: 1) Torleif Lauvdal 4.28, 2) Dag Søvik 4.44, KL 8–10 år: 1) Jon Blågestad 3.43 (dagens beste tid), 2) Tore Bjørn Torbjørnsen 4.41, 3) Gunnar Gundersen 5.00, 4) Ole Bjerkholt 5.05, 5) Steinar Myhren 5.28, 6) Ole Eikås 6.34.

KL 6–8 år: 1) Svein Kaspersen 6.17.

KL under 6 år, kort løype: 1) Olav Bringsverd 3.22, 2) Kjell Bringverd 3.40.

Jenter over 14 år: 1) Arne Thorbjørnsen 4.20, 2) Anny Ausland 4.49, 3) Gunhild Lauvdal 4.50, 4) Olaug Gundersen 4.53, 5) Trine Elisabet Teisen 5.10, 6) Jenny Bringsverd 5.82, 7) Sigrid Borås (65 år) 6.40.

KL 8–10 år: 1) Gunhild Eikås 3.08.

Hopprenn:

Under 6 år: 1) Olav Bringverd 5.8, 2) Hans Jakob Bjerkholt 5.8, 3) Magne Blågestad 75.8, 4) Audun Hofseth 74.5.

KL 6–8 år: 1) Svein Juri Kaspersen 89.5.

KL 8–10 år: 1) Henning Olav Kaspersen 117.5, 2) Steinar Myhren 112.5, 3) Bjørn Ellert Bjerkvig 106, 4) Ole Bjerkholt 105, 5) Tore Bjørn Torbjørnsen 104.5, 6) Ole Eikås 91.


KL 10–12: 1) Asbjørn Myhren 101, 2) Dag Søvik 96.

KL 12–14 år: 1) Nils Longum 111.5, 2) Harald Samuelsen 92.

Jenter: 1) Olaug Gundersen 91, 2) Jenny Bringsverd 84, 3) Gunhild Laudal 84.

KL over 16 år: 1) Lars Bringverd 127.5, 2) Harald Thorbjørnsen 130, 3) Arne Blågestad 127, 4) Nils Tveiten 125.5, 5) Olav Tveiten 123, 6) Harry Flisstra 121.5, 7) Karl Kaspersen 118.5, 8) Bj. Kristensen 106, 9) Wilfred Berusson 97.

.Jo-kollen* åpnet med friske svev



Bakken ligg fint til naturlig i terrenget med skjermende trær på begge sider.

Bakken på Stene

Familien på Stene, i enden av Blågestadvannet, arrangerte ofte skirenn, både hopp og langrenn. Der kom mange fra Bråstad, da ungane på garden gjekk på skole der. Mange fra Myra tok også turen inn dit for å delta. Dei hadde startkontingent og premiar. Men ein gong eldstemann Inge av de fire brørne der gjekk 12 kroner i minus på eit renn, ville han ikkje arrangere meir!

Råna, Frednes og Longumbakken

Noen ungdommar hadde laga ein ganske stor hoppbakke rundt 1950-1960 der Arendal kirkegård ligg nå, under der det seinare kom høgspentlinje. Ivar Råna var stor og tung, og sank rett til bånns i laussnøen. Da blei det bråstopp. Han tryna så sigaretten slokna! Frå før 1900 var det hoppbakke ved Frednes, kalt Frednesbakken. Ein «B.» skriv Tiden 10. og 11. februar 1927 om «Skisporten i Grane». Her skriv hen blant anna «Fra Frednesbakken gikk man senere over til Longumbakken, hvor «Grane» i en årekke har arrangert skirenn og hvor den også like til det siste har avholdt renn når der har vært for lite sne i Nygårdsbakken.» Longumbakken, som Harald Landbø meiner var ned frå Torsbuåsen ved vassverket vi kan sjå ved Rv21, er første gong nemnt i avisene i 1899, og siste gongen i 1915 Nygårdsbakken overtok som «storbakke», da den blei åpna i 1917. Tråkkemannskapa var små og lette.


Granes nye gutte- og treningshoppbakke, «Jo-kollen» i Sprøkilen, var i går formiddag klar for prøvehopping, og ute over dagen var det ikke få som forsøkte seg i den morsomme lille bakken som nå er forsynt med fullt flomlysanlegg slik at treningen kan foregå til langt på kveld.

Meningen med denne bakken var å lage en bakke som likner mer en storbakke å hoppe i enn vanlige guttebakker. Bakkens profil og fart i tillepet er slik avpasset at hopperne får noen av de samme aerodynamiske problemer å løse som i en sterre bakke. «Jo-kollen» skulle således egne seg spesielt godt som treningsbakke.

Hoppekspertene var godt fornøyd med bakken og den vil sikkert bli til glede for klubben og de aktive i mange år fremover.

Jo-kollen åpna 1. januar 1968. Faksimile frå Agderposten





Hoppbakkane nemnt i denne artikkelen

- 1 Tveiten
- 2 Spirene
- 3 Myra
- 4 Dybmyrbakken
- 5 Uglebu
- 6 Borås
- 7 Stene
- 8 Råna
- 9 Frednesbakken
- 10 Longumbakken
- 11 Wickkollen
- 12 Jokollen
- 13 Skrubbåsen
- 14 Ramsebakken
- 15 Lonaåsen mot E18
- 16 Kyllandsmrybakkene
- 17 Høgheikollen
- 18 Lonabakken
- 19 Neset
- 20 Nesheim skole
- 21 Dalebakken
- 22 Askedalen
- 23 Tveidebakken (Hageheia)
- 24 Skolebakken ved Karterød skole
- 25 Myrbakken
- 26 Mønåsen (Terje Knutsens bakke eller Eivindstadbakken)
- 27 Lillestølen (Tellefs bakke)
- 28 Brunåsbakken
- 29 Rønningen ved Noddeland
- 30 Haslestad, ved campingplassen
- 31 Øybakken på Storøya
- 32 Sletta/Mørneskilen
- 33 Kyrhaglia
- 34 Dalbubakken
- 35 Smiebakken
- 36 Nilsenbakken
- 37 Flatelandsbakken
- 38 Gjeskemoen

NB: Ny E18 og tilførselsvegen til Longum er teikna omtrentleg inn på turkartet.

Kartet er Turkart Arendal, brukt etter løyve fra Friluftsrådet Sør.

Storhopparane i Sprøkilen

Ager-Wick er ein aktiv idrettsfamilie, og far Erling konstruerte fleire bakkar, ofte saman med Anders Fossli. I Sprøkilen var det to bakkar, begge med stillas og flomlys. Først var det Wickkollen frå starten av 1960-åra på jordene ved familiens hus og tilløp frå toppen av Joåsen. Dei beste hoppa ein stad mellom 15 og 20 meter. I januar 1967 var den seinare internasjonale hoppdommaren Sigbjørn Normann best i 13-årsklassen, mens Emil Ager-Wick var like bak i ein av dei yngre klassane. I denne lille bakken var det både jamne treningar to kveldar i veka i gode snøvintrar, fleire klubbrenn for Grane og kretsrenn.

1. januar 1967 var første rennet i Jokollen (også kalt Jo-kollen). Det var tilløp frå toppen av åsen, stillas, og utgravingar i unnarennet. Bakken fekk mykje ros etter åpningsrennet, der den *"ligger fint til naturlig i terrenget med skjermende trær på begge sider. ... og likner mer enn storbakke å hoppe i enn vanlige guttebakker. Bakkens profil og fart i tilløpet er slik avpasset at hopperne får noe av de samme aerodynamiske problemer å løse som i en større bakke. ... Hoppekspertene var godt fornøyd med bakken og den vil sikkert bli til glede for klubben og de aktive i mange år fremover."* Men det blei hoppa i bakken berre rundt fem års tid, fortel Emil Ager-Wick, som var ein av dei fremste på ski i Aust-Agder heilt til han fekk idrettsstipend og flytta til USA som syttenåring. Bakken viste seg å vere litt bratt, og med eit noe vanskeleg utrenn. Bakkerekorden var rundt 35 meter.

Longum

På Longum var det hhoppbakke ved Skrubbåsen, mellom Ytre Longum og Stølen. Den var ikkje stor, men låg fint til med utrensel på jordet. Det blei hoppa der på 1950- og 1960-talet.

Før Oddmund og Tove Myren bygde hus like ved Oddmunds barndomsheim på Longum, var det ofte hoppbakke frå dagens Lonaåsen ned mot E18. Det var klubbrenn i Ramsebakken (etter familien Ramse som budde der før Myren-familien) kvart år. Ein av dei første aprildagane i 1960 stod ei resultatliste i Agderposten, med Odd Longum i klassen 14-16 år som bestemann. Dei andre vinnarane i det som blei kalt «det årlige gutterennet», var brørne Sigmund og Eivind

Bjornesbakken, med Olav Tore Bjornes på toppen.
Foto Anders Adolf Engelskjønn, 2019

Til høgre: Lonabakken.
Foto Anders Adolf Engelskjønn, 2019



Dale i dei to yngste klassane og Lars A. Lona i klasse 12-14 år. Også nesheim skole brukte den bakken ofte. Dei beste kunne hoppe over 20 meter der, og truleg var det Øyvind Værstad som hoppa aller lengst, - langt ute på sletta. Ei tid var det også ein bakke ned frå Lonaåsen, rundt 100 meter sør for Bjornesvegen. Harald Ottersland var med i hopprenn der. Torleif Longum var ivrig arrangør, både der og i andre bakkene, som vi har skrive om før. For å bygge opp interessa hadde han stilt ut premiane i bua si ved skraphandelen fleire veker før eit renn, eit heilt brett med store og små beger. Ungutane måtte ofte bortom for å beundre premiane dei skulle konkurrere om.

Bjornesgrenda

På Bjornes hadde dei Kyllandsmyrbakkene mellom Brekkedalen og Fjærbu, I Kyllandsmyrbakkene blei det hoppa over 20 meter. Det var mykje dugnad i bakkene, med godt fellesskap og miljø. Bakkene var nok mest i bruk i 1940- og 1950-åra. Også Høgheikollen var i bruk i mange år. Vinteren 1952-53 var der samling for skikretsen der. Det var før det kom bilveg opp frå Longum. Hopparane måtte anten gå på hoppski opp frå Longum, eller de bar hoppskia på ryggen. Bakken blei i brattaste laget. Dei beste landa godt uthåp sletta. Så kretshopparane gjekk over til Lonabakken for resten av samlinga. Leif Ove Tvermyr hugsar skoleskirenn i Høgheikollen, truleg heilt først på syttitalet. Da hoppa Ole Torstein Værstad, som vanleg, lengst.

Mellom Granestua og Glosereha blei det laga ein bakke rundt 1950. Lærarlaget i Aust-Agder hadde samling der ein vinterferie. Dei øvde på å sveive med armane, fortel Ole G. Fjærbu. Dette var i tida mellom Kongsberg-knekken og da tyskaren Helmut Recknagel starta med å skyte armane rett fram. Ein lærar fra Vegårshei hoppa lengst. Men bakken var ikkje særleg god, og det blei vel stort sett med denne eine feriesamlinga der for dei ivrigaste gymnastikk-lærarane i fylket.

Lona, Nesheim og Engelstjønn

Torleif Longum arrangerte populære gubberenn med mange deltagarar og enda fleire tilskodarar både i Lonabakken og i bakken bak landhandelen i Dalen. Lonabakken låg rett ved gamle Lona skole, og var i bruk til Nesheim skole stod klar i 1947. Bjørg Lona var einaste jenta som sette utfør i bakken. Til bakken ved Lona skole var det bygt eit stillas av tre for å få ekstra fart. Anders Fløystad hoppa langt på nye ski laga av Ole E. Skjulestad, gjekk over ende og brakk begge skia rett bak bindingane. Det gjorde inntrykk på alle som var tilstades i bakken.

Fra uthuset til Simon Venemyr i Neset var det også bakke. Bakken gjekk frå husa og ned mot Longumvannet, og var mykje i bruk i 1950-åra, både i skoletida og i renn i helgene. Særleg var Markus Knutsen ivrig hoppentusiast og tok elevane med dit i frikvartera og i ute-gym.

Der var det også gubberenn 11. januar 1953, som omtalt i eit humoristisk songreferat i Dei gav oss ein arv 2005, side 74.

«80 deltagere i alderen 4 til 70 år»

Signaturen V. laga reportasje til Agderposten. Sigurd Venemyr i klassen 13-15 år var beste hoppar, betre enn vinnarane Hans Folåsen (15-17 år), Jørgen Fjærbu (17-20 år) og Tom Johansen i klassen over 20 år. Nestbest var faktisk unge Magnar Danielsen, som vann klassen 11-13 år. Blant jentene var Anne Kristine Dalen i nest yngste klasse (11-13 år) og Reidun Venemyr og Bjørg Lona som delte første plassen i klasse 7-9 år dei fremste hopparane. Avisreferatet gav nok idéar til songskrivarane Astrid Lona og Minnie Skjævestad: «Bjarne Larsen viste god vilje, og satset godt, men tappa kom først opp og så helt ned, så det ble fall i begge omganger. Torleif Longum hadde dagens lengste fall, satsen var heller ikke av de beste.» Best i klassen over 60 år var Nils Olsbu, som tok toppfart, var en av få med to stående hopp, god strekk og fjellstøe nedslag.»

På Nesheim var det skolebakke minst to forskjellige plassar. Den eine hadde unnarenn ned der inngangen til gymsalen er nå, ein annan var i andre enden av skoleplassen. Den hadde veldig bratt unnarenn. Gunnar Ottersland satte bakkerekord i eit klubbrenn like etter at Nesheim skole var bygt, eit godt stykke uthåp sletta. Ein av dei som hoppa ned på sletta var Sigmund



Hopparar på sletta ved Myrbakken truleg ca 1946-1949. Alle ser ut til å ha Skjulestadski. Frå venstre Torgeir Ristøl, Magne Harveland, Tellef Ottersland, Sigurd Kjell Olimstad, Harald Ottersland, og Paul Ottersland. Fotograf var Torleiv Aalvik. Lånt av Arne Harveland

Dale, og kanskje også broren Eivind gjorde det. Dei var gode til å hoppe begge. Lars Brekka hoppa også ned på sletta. Skolebakken var skummel. To unggutar brakk beinet der, Nils Martinus Longum og Stian Skarstøl.

Dalen

Bakken bak Lauvlandhusa, med ovarenn frå åsen mot Holtebekk var ein veldig populær bakke, ein av dei største i bygda. Men i dag er bakken heilt gjengrodd.

Bakken i Dalen blei kalt Dalebakken, og var lenge bygdas største bakke med bakkerekord på 29 meter, fortel Oddvar Lauvland, som trur Kolbjørn Ristøl hoppa lengst i løpet av dei to vintrane (1952-1953 og 1954-1955) det var nok snø til å hoppe der. Da bakken i Ruhagen kom overtok Håkon Mørland «bygderekorden» med 39, 5 meter.

Ein av dei mest brukte bakkane var i Askedalen. Der var det hogd gate langt opp i lia ovanfor jordet, og så hopp i øvre kant av jordet. Anne Kristine Dalen i idrettslaget var arrangør der på 1960-talet, med mange gutter og den spreke Klara Ulsted i Hage som ivrige deltakarar i hopprennet. Det var ikkje alltid like lett å få stoppa før Riksveg 40 (E18).

Men det var ikkje så mykje trafikk dei første tiåra. Men Håkon Mørland skremte mor Marte med å ta god fart og hoppe over E18 frå brøytekant til brøytekant.

Olav Siring forteller bl.a. om "Askedalsbakken" følgande i eit brev til Olav Tore Bjornes: «*Det var vel i 1915 eller 16 at min eldste bror Knut fekk startet et idrettslag. Det var mange unge gutter rundt om på gårdene i den tiden og de hadde fått laget til en skibakke ved Askedalen, Askedalsbakken. Den lå på jordet like ved husene og der ble vel hoppet en 15 - 20 meter, kan jeg tenke. En søndag ettermiddag var det samla en flokk oppe ved hoppet og da ble vi enige om å starte et idrettslag. Knut ble valgt til formann. Av andre som var med i styret husker jeg Ivar (en annen av mine brødre). Dette var den spede begynnelse til Østre Moland Idrettslag.*»

Karterød krets

-Vi på Karterød skole hadde dei beste hopparane, og vi vann nok dei fleste skjolda i skolekonkurransane mellom skolane i Brekka, Sagene, Lona og Karterød, seier brørne Gunnar (født 1932), Olaf Kåre (født 1935) og Harald Ottersland (født 1938). Den mest brukte bakken i skolekretsen i deira aktive hopparår var Myrbakken mellom Bråvoll og Ottersland. Den blei laga på 1920-talet og var i bruk i over femti år. – Eg meiner eg hadde bakkerekorden der, med 23,5 meter, seier Gunnar. Olaf Kåre hadde 21,5 som lengste, mens lillebror Harald meiner han var så vidt over 20 meter. Gunnar var storhoppar og med i kretsrenn over heile fylket. Også Paul Ottersland hoppa langt i Myrbakken, der det var fleire kretsrenn med godt over 30 hopparar frå distriktet. Toppen av Myrbakken kunne vere noe utsett for vind. I eit renn i 1956 blåste det så mykje at Arild Noddeland sklei ut, og heile rennet blei avlyst.

Ikkje fullt så langt kunne ein hoppe i skolebakken ved Karterød skole, rundt 15 meter. Også her var det bygt stillas i overrennet. Skoleungane fekk god trening. I gode snøvintre strekte skolestyrar John Torp friminutta veldig langt, idrettsinteressert som han var. Bakken var liten, men såpass stor at Olaf Kåre Ottersland klarte å brekke hoppskia. Men da var det berre bli med far hans over til Ole Edvardsen på Skjulestad, som nok var ein av dei første som fingerskøyta ski.


-Kva slags ski brukte de?

-Vi hadde ski frå Skjulestad. Solide eikeski, som kanskje var litt lange. Vi sette dei i spenn heile sommaren, så det var god svipp i dei gjennom vinteren, seier brørne Ottersland. -Dei frå Grane og noen andre klubbar hadde fabrikklaga ski. Det gjekk vi over til som seniorhopparar, dei siste eg hadde var Sigmund Ruud-ski, seier Gunnar.


Ei kvittering hos Jens Mørland viser at eit par hoppski laga på Skjulestad kosta 4-5 kr før andre verdskrigen. Mange hoppa på ski frå Skjulestad (Sjå om fabrikken i Dei gav oss ein arv 2004, tekst Olav Siring og foto Jan Kløvstad). Ole E stilte alltid opp. Ein laurdagskveld kom Eivind Dale med knekt ski, som blei spjelka og ordna så han kunne vere med i hopprenn på Fevik dagen etter. Han var ikkje den einaste. Så godt som kvar mandag i hoppsesongen hadde Ole Brekkenes med




Brørne Olaf Kåre, Harald og Gunnar Ottersland har vore hopparar, og viktige kjelder til denne artikkelen. Foto Jan Kløvstad 2019



Det var rikeleg med ekstra skituppar på skifabrikken på Skjulestad. Kvar måndag var det mange som måtte få skjøtta skia sine på Skjulestad.
Foto Jan Kløvstad, 2019







Kontrakten mellom grunneigar Nikolai Væding og idrettslaget for skibakken i Hageheia, undertekna 20. november 1934. Tatt vare på av Sigurd Ledaal.

Ruud-ski til Gunnar Ottersland er laminerte treski med tre renner og nummererte.
 Foto Gerald Ottersland 2019



seg brekte ski fra ein sportsbutikk i Arendal. Ole E skjøtte skia, og sendte dei ned igjen med Brekkenesbussen. Mange brukte ski fra Skjulestad til dei begynte i større bakkar i 14-15-årsalderen.

Tveidebakken var frå garden Kjevikfamilien har og nedover mot Molandsvannet, i retning Hage. Idrettslaget ved Kristen K. Moy og Olav Siring og grunneigar Nikolai Væding og kona Kari Væding skrev kontrakt 20. november 1934 om at «*Idrettslaget, som har oparbeidet skibakke i Hageheia, har rett til å benytte denne som skibakke mot en årlig avgift av kr 25,- fem, og tyve kroner. Bakken har følgende mål: På toppen 8 m., ved hoppet 12 m. og i overgangen 20 m. Bakken kan ikke flyttes utenom den opstukkene grense uten eierens samtykke. Grunneieren forplikter seg til å fjerne gjerder eller andre stengsler i og ved foten av bakken om høsten. Likeså å holde sletta hvor utrendselen er fri for gjerder, opkastet dikejord og lignende i den tid bakken brukes. Kontrakten gjelder også for senere eiere av gården Tveite, gr.nr. 19 br.nr. 1 og kan ikke opsies av grunneieren. Blir ikke leien betalt, mister kontrakten sin gyldighet.*»

I Hageheia kunne dei dristigaste strekke seg til over 30 meter. Anders H. Tveide hadde rekorden. I siste rennet, eit kretsrenn, brekte Torgeir Risstøl beinet. Det må ha vore like før krigen. Gunnar Ottersland var for liten til å hoppe da, men såg på. Etter kvart ramla stillaset ned.

Fra Mønåsen på Sagene var det ein veldig bratt bakke, i bruk til rundt 1949. Bakken gjekk under namnet Terje Knutsens bakke eller Eivindstadbakken. Om hopparane kom

over kulen, gjekk det veldig langt nedover. - Kom du over kulen gjekk du beint i holla, seier Harald Ottersland, som ikkje klarte å stå i mot i dumpa, og mista pusten, mens Olaf Kåre Ottersland landa på steingjerdet. Ivar Fløistad var ofte dommar der, og Gunnar Ottersland og Ole Fløistad var blant dei som strekte seg lengst ned i bakken, truleg rundt 30 meter, fortel Erling Johannessen. Etter eit av hopprennene var det premieutdeling i verkstaden til Torleiv Aalvik, med glasboller på rekke og rad.

Både skoleelevane og eldre hoppa i Tellefs bakke på Lillestølen. Der blei det hoppa 18-20 meter. Bakken var i bruk heilt til elevane begynte på Nesheim sist på 1940-talet.





Arne Harveland hoppar i
Brunåsbakken ved Harveland
i mars 1967. Bilde lånt av
Halvard Grythe



Werner Noddeland ved
Brunåsbakken i mars 1967.
Foto Arne Harveland


Harveland

Halvard Grythe (Kalaoja) gjekk på hoppski etter skoletid over Molandsvannet til Brunåsbakken ved Harveland på 1960-talet for å hoppe på ski. Han fortel: - Det var ein bakke til venstre når ein kom ned vegen på flata før Harveland. Arne Harveland snekra ovarenn av tre for å få større bakke. Han skaffa også petromaxlykter til å henge i trea slik slik at ein kunne hoppe i mørket. Han laga konkurransar med sjokolade i premie. Der blei bakkerekorden pene 26,5 meter, - eit stykke ut på sletta. Der var mange hopparar, spesielt på søndagar. Ein av dei faste var vegteknikar Olav Hardeberg. Då sa vi nå kommer Grimstad konserves, fordi han hadde spjelka eine skia med ein boks derfrå. Hardeberg var ein frisk og god skihopper, både på hoppski og langrennspi. Eit tiår eller to tidlegare hadde Øystein Harveland laga til Brunåsbakken. Til nå har vi ikkje funne noen som kan hugse at det var delt ut premiar i Brunåsbakken.

Eivind Dale var også mykje med her. Han, broren Sigmund, Christen Magne Landbø, Gunnar og Arnfinn Langemyr prøvde dei fleste bakkane i heile bygda frå midten av 1950-talet og utover. Dei hadde som dei fleste andre hickoryski frå skifabrikken til Ole Edvardsen Skjulestad. Han laga



Ukjent hoppar i
Brunåsbakken 25. mars 1962.
Bilde lånt av Arne Harveland



Christen Magne Landbø avanserte frå små bakkar på Landbø og Haslestad til 56 meter i Songebakken.

også ski av eik og ask. Eivind Bakke fortel at Brunåsbakken var sånn at du anten landa på kulen eller heilt til bånns. Og sjokoladen som premie var avansert, det var Lohengrin!

Noddeland

Ved Rønningen ved Noddeland var det hopprenn, ein gong med Åge Lauvland som vinnar. Bakken var frå huset der Tobias Siring bur nå og ned mot badeplassen.

Haslestad og Landbø

Like ved der det var campingplass på Haslestad var det hoppbakke, i alle fall til 1966. Ovarennet var frå fjellet ved låven, og bakken låg rett på innsida av der det er venteskur for bussen nå. Også der var det renn med premiar, og dei beste hoppa 10-15 meter. På Sletta/Mørneskilen, mellom Landbø og Råbu, var det også noen år stor nok bakke til å ha skoleskirenn, der dei rant over vegen, hugsar Sigurd Ledaal og Christen Magne Landbø.

Øybakken låg på «Madagaskar», Storøya i Jorstadvannet der det blei dyrka poteter som blei selt til inntekt for misjonsarbeidet på Madagaskar. Der var det sprengt for å få godt ovarennet. Ansgar Lauvland på Skåland var primus motor i arbeidet både med bakken og i hopprenna. Gutane på Haslestad, Landbø, Lauvland og Skåland bygde bakken kvar vinter, og heiste snø på fulle sørlandsskuffer med talje opp til kulen og ovarennet. Det var god fart til største bakken, 60-70 meter nedover lia. For dei minste var det ein bakke på 8-10 meter. Heile Nesheim skole var der på skidag med hopprenn. Kanskje var Øybakken første flomlysbakken i bygda. Det blei lånt Petromax-lamper av Christen Landbø, Svend Dale, Ansgar Lauvland og fleire. Arrangøren var som regel Storøyklubben (SØK), og Borgny Dale hadde sydd eigne startnummer, som noen gonger også blei lånt til hopprenn i Holt IF. Aller lengst hoppa Håkon Lilleholt. Han landa etter rundt 30 meter, på langrennski, og gjekk så grundig gjennom den råtnne vårsnøen at det også blei siste hoppet for sesongen, fortel Olav Lauvland.

Det var ofte både 30 og 40 deltakrar i renna der. Fast dommar var Ansgar Lauvland. Premiane

var eksklusive, fordi Lauvlandfamilien hadde nære band til sølvsmed Sevik i byen. Ofte var det skeier med 60% sølv. Ansgar Lauvland var også aktiv både på ski og i friidrett, og hadde mange premiar. Som Lars Bringsverd i Myra, spedde han grundig på med eigne premiar i skirenn. Øybakken var i bruk frå ca 1958 til midten av 1960-talet, og Ansgar Lauvland tok med seg fleire av dei unge hopparane til Holt IF. Christen Magne Landbø hoppa til han var 17-18 år gammal. Først på Skjulestadski, der far hans ofte hadde levert emna frå Landbøsaga, og seinare på dei første plastskia frå Kongsbergsski. Christen Magne begynte som 7-8åring på Haslestad, var guthoppar i Holt IF og seinare Songe skiklubb. Han deltok i NM junior, og var blant dei beste i kretsen med hopp både i Songebakken og Nygårdsbakken alt som 15-åring i 1962. Lengste hoppet hans var 56 meter i Songebakken.

Hopping overalt

I tillegg til bakkane der det var renn, premiar og registrerte bakkerekordar blei det laga hoppbakkar "overalt" kvar einaste snøvinter:

Fram til det blei fylt ut og laga jorde mellom Skjulestadvegen (opp til dei sørlegaste av Skjulestadgardane) og garden til Hilda og Ole Skjulestad, var det laga hoppbakke kvar gong det var snø nok med fart frå ein kolle vest for vegen, ovarenn over gardsvegen, og unnarennet ned i dalen. Det måtte vere vakt ved vegen, så det ikkje blei kollisjonar mellom hopparar og bilar, og stadig utbetring av nedre del av overennet for kvar bil som kom forbi. På slutten av 1960-talet og tidleg på 1970-talet hugsar eg det sånn at vi hoppa til noen hoppa bakken heilt ned. Så var det å lage bakke ein annan plass.

I vintrar med veldig mykje snø, som tidleg på 1960-talet, var det ovarenn frå låvebrua, hopp før vegen og så høgt at hestar kunne har køyrt gjennom mens hopparane var i lufta. Dei lengste hoppa kunne vere på over 30 meter, meiner Torleif Brekka. Terje Øigaren er ein av dei mange gutane som var med og laga hoppbakker overalt. Han gjekk på Brekka skole, og fortel:

-Kyrhaglia hoppbakke fra Våje ned mot Vågskilen var brukt som konkurransebakke, med premierung i eldre tider. Min bestefar Terje fortalte om den, og at han hadde tatt 2. plassen der. Premien var en lommekniv. I min tid på Brekka skole hadde vi flere bakker i nærheten av skolen. Det var Dalbubakken og Smiebakken. Begge disse kunne vi rekke i det store friminuttet. Unnarennet på disse bakkene lå på jordene til Øigaren. I Brekka hadde vi Nilsen-bakken. Den lå bak Niels Brekkes uthus, og Flatelandsbakken lå mellom Kvernviks hus og Molandsvannet.

Smiebakken startet på heia bak Øigarenhusene over et smalt jordstykke kalt Kalvehagen, forbi jernmasta med transformatoren. Hoppet stod like ved høyspentlinja, og unnarennet var heile heia ned mot jordene på Dalene. Farten ble stor, og mange ganger måtte vi hive oss overende for ikke å renne ut på Riksvei 40 (E18), nå Rv 421.

Vi hadde også en bakke på Moen, på Gjeskemoen. Den var det mer arbeid med, da vi måtte hogge to-tre trær over elva. Den ble ikke brukt hvert år.

Om høsten, da vi begynte å vente snø, avtalte vi å treffes annenhver dag for å rydde og gjøre klar bakkene. Vi gikk på skolen annenhver dag. Det ble avtalt hvem som skulle ha med seg forskjellig verktøy, som sag, øks og sigd. Lengda på hoppbakkene var fra 12 til 20 meter. Vi rydda også langrennsløype hver høst, rundt halvannen kilometer mellom Brekka, Øigaren, Hattåsen og Moen, seier Terje Øigaren.

Kjelder

Emil Ager-Wick, Olav Tore Bjornes, Anders Adolf Engelskjønn, Halvard Grythe, Arne Harveland, Sigurd Ledaal, Tore Bjørn Torbjørnsen, Olav H. Tveiten, Gunnar, Olaf Kåre og Harald Ottersland, Erling Johannessen, Sigurd Ledaal, Ole L. Skjulestad, Torleif Brekka, Ole Eikaas, Ole G. Fjærbu, Kåre Fjærbu, Helge Tveiten, Einar Skjulestad, Christen Magne Landbø, Olav Lauvland, Arne Longum, Odd Longum, Paul Ottersland, Guttorm Fløistad, Olav Bringsverd, Gunnar Danielsen, Harald Landbø, Terje Øigaren og gamle utgåver av Dagbladet Tiden og Agderposten.